



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Plan og byggenemnd
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	26.09.2014
Tid:	14:00 – 16:05

Medlemer som møte:

Tor-Sindre Steinsvik	Leder	H
Knut Johan Voldsund	Medlem	FRP

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	NESTL	AP
Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF
Helena Leinebø Tonev	MEDL	H

Varamedlemer som møte:

Stian Sævik Elveseter	Helena Leinebø Tonev	H
Camilla Storøy Hermansen	Frank Otto Kvalsvik	KRF
Olaug Andreassen	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre: Eigedomsleiar Robert Myklbust Prosjektleiar Roger Myklebust
 Prosjektleiar Rolf Henning Hide Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge
 Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.
Det møtte 2 medlemer og 3 varamedlemer, fulltallig.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:

Camilla Storøy Hermansen og Olaug Andreassen.

underskrifter

Camilla Storøy Hermansen

Tor Sindre Steinsvik

Olaug Andreassen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 11/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 12/14	Protokoll frå førre møte
PS 13/14	Omsorgsbustader med heildøgspleie og base for heimetenesta ved Herøy omsorgssenter - oppstarting av prosjekt.
PS 14/14	Ytre Herøy ungdomsskule - oppgradering av ventilasjonsanlegg - andre alternativ
PS 15/14	Moltu skule
PS 16/14	Ny barneskule på Bergsøy - godkjenning av funksjons- og arealanalyse
PS 17/14	Ny brannstasjon i Myrvåg - funksjons- og arealanalyse
PS 18/14	Myrvåg omsorgssenter - ombygging tak
PS 19/14	Einedalen skule - økonomisk avslutning.
PS 20/14	Moltu barnehage - Økonomisk avslutning.
PS 21/14	Omsorgsbustadar på Myklebust - Økonomisk avslutning.

PS 11/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 12/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte 02.06.2014 vart godkjend med slik merknad:

- Det manglar protokoll frå møte i nemnda 07.03.2014, jfr. protokoll frå møte 02.06.2014.

PS 13/14 OMSORGSBUSTADER MED HEILDØGSPLEIE OG BASE FOR HEIMETENESTA VED HERØY OMSORGSSENTER - OPPSTARTING AV PROSJEKT.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken med slik endring i pkt. 2:

Bytte ut «i forkant av» med «parallelt med».

Vedtak i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Plan og byggenemnda viser til K-sak 83/14 og godkjenner foreslått opplegg for oppstarting av prosjektet omsorgsbustader og base for heimetenesta på Eggesbønes.
2. Nemnda legg til grunn at det parallelt med arbeidet med prosjektet vert halde ein konstruktiv dialog og nødvendige avklaringar gjort med dei private grunneigarane i området.
3. Ein bed vidare om at nødvendige avklaringar når det gjeld regulering og løysing/kostnader ved omlegging av leidningar vert vurdert.
4. Når tilbods/konkurransesgrunnlaget for prosjektet er ferdig bed nemnda om å få seg forelagt dette til godkjenning før det vert utsendt på tilbod.

PS 14/14 YTRE HERØY UNGDOMSSKULE - OPPGRADERING AV VENTILASJONSANLEGG - ANDRE ALTERNATIV

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding var vedteken med slike tilleggspunkt 3 og 4:

3. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i budsjett 2015.
4. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje plan for totalrehabilitering i løpet 1. halvår 2015.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Kommunestyret ber rådmannen om å fremme forslag til plan for totalrehabilitering av Ytre Herøy ungdomsskule – byggetrinn 1.
2. Plan for totalrehabilitering må sjåast i samanheng med plan for utbygging av ny barneskule for Bergsøy.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i budsjett 2015.
4. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje plan for totalrehabilitering i løpet av 1. halvår 2015.

PS 15/14 MOLTU SKULE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart vedteken med slik endring i pkt. 1, 2 og 3:

- 1 Endre «Herøy kommunestyre» til «Kommunestyret»
- 2 Endre «Herøy kommunestyre» til «Kommunestyret»
Endre «for Herøy kommune» til «for framtida»
Stryk pkt, a, b og c.
- 3 Løyvingar av planleggingsmidlar og løyvingar til bygningsmessige tiltak må vurderast i samband med budsjett/økonomiplan.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

- 1 Kommunestyret tek til vitande at den branntekniske tilstandsrapporten medfører kostnadsauke på ventilasjonsprosjektet som ligg vesentleg over

budsjetterte midlar.

- 2 Kommunestyret gir mandat til komité for oppvekst å avklare kva alternative løysingar som er mest tenleg for framtida.
- 3 Løyvingar av planleggingsmidlar og løyvingar til bygningsmessige tiltak må vurderast i samband med budsjett/økonomiplan.

PS 16/14 NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - GODKJENNING AV FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

Møtebehandling:

Brev frå elevrådet ved Ytre Herøy ungdomsskule av 23.09.2014 vart delt ut i møtet. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for ny barneskule på Bergsøy.
2. Løyving av planleggingsmidlar og finansiering av byggeprosjektet må vurderast i samband med budsjett- og økonomiplan for 2015-2019.
3. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande Prosedyre.

PS 17/14 NY BRANNSTASJON I MYRVÅG - FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for ny brannstasjon i Myrvåg.
2. Prosjektet lyt finansierast gjennom dei årlege budsjettprosessane.
3. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

PS 18/14 MYRVÅG OMSORGSSENTER - OMBYGGING TAK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Med bakgrunn i kostnadsoppsettet gir Herøy kommunestyre ei ekstraløyving på 2,9 mill. kroner til ombygging av taket ved Myrvåg omsorgssenter.
2. Løyvinga vert finansiert ved låneopptak.

PS 19/14 EINEDALEN SKULE - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Prosjektrekneskapen for utbygging av prosjektnr. 51906 Einedalen skule vert godkjent med eit totalt forbruk på kr. 106.810.404.
2. Gjenstående av opprinneleg løyving i K-sak 81/08, kr 889.596,- vert tilbakeført til Herøy kommune.

PS 20/14 MOLTU BARNEHAGE - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Prosjektrekneskapet blir godkjent med eit meirforbruk på kr 422.000,-
2. Meirforbruket blir inndeckt med låneopptak.

PS 21/14 OMSORGSBUSTADAR PÅ MYKLEBUST - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 26.09.2014

1. Prosjektregnskapen vert vedteken med eit mindreforbruk på kr. 63.480,-